

Svært god fiskesesong over

15.09.2011



I dag er en meget god fiskesesong over i Uskedalselva og to av dei som er tilfreds med fangstane er Jone Rørheim og Sindre Aksnes (biletet).

Johannes Feet, som leier elveeigarlaget, oppmodar fiskarane om å levera eller senda inn korta sine snarast. Det kan anten levera dei der dei har kjøpt dei (SPAR, Rabben Auto 88) og få depositum attende direkte eller sende korta til Feet, Kjerlandsido 10, 5463 Uskedalen.

Det er førebels for tidleg å trekka sikre konklusjonar om kvalitet og kvantitet på fangstane, det vil først kunne skje om tidlegast eitpar veker. Tidleg innsending er viktig for rapportering vidare og dei vurderingar som skal skje.

Men Feet seier at mykje tyder på at det har vore mindre lus enn venta på fisken. Etter å ha gått igjennom dei kort som allereie har kome inn konstaterer han at det er teke 4-5 fiskar på mange kort. Ein annan førebels konklusjon er at dei fanga fiskane veg frå 1 til 7 kilo. Men så langt har det kome inn nesten berre døgnkort og Feet ventar med spenning på sesongkorta.

Han ønskjer å takka fiskarane for svært god framferd. Dei kjem frå nærsagt heile Sør-Noreg og har oppført seg eksemplarisk i Uskedalen.

Elveigarlaget har ikkje registrert nokon uregelmessigheiter i høve til lover og reglar. Også dei unge har gjort seg positivt gjeldande blant fiskarane.

Av Ola Matti Mathisen



Svein Inge Midtun frå Stord er trufast fiskar her i dalen

